



Gil Edwards (biletet) og Pat Savage med band trivdes godt på Dønhaug. Men neste stopp er Faro i Portugal – med eit publikum på 60.000-70.000! (Foto: Ola Matti Mathisen)

Låvedansen på Dønhaug Gjestegard i fjor samla fullt hus med 600, men til julidansen dette året kom under halvparten så mange. Magne Huglen reknar med at det var 250 til stades då Gil Edwards (frå USA) og Pat Savage (frå Canada) med band spela opp laurdag kveld. Men det er han fornøgd med, for han tapar ikkje pengar på festen.

Grunnen til at det ikkje kom fleire kan vera samansett. Veret var trugande og det var alle slags ver denne kvelden. Ein annan grunn kan vera at muskarane ikkje var så godt kjende og populære som dei i juli i fjor (Åmli Band frå Setesdal).

- Eg er også fornøgd fordi det var ein vellukka kveld frå alle andre synsstader, seier Huglen til uskedalen.no
- Det var flotte muskarar og eit flott publikum. Pat og Gil er utruleg dyktige og dei trivdes godt som låvedansmusikarar i Uskedalen sjølv om dei er vane med ei anna og meir storslagen ramme, Tirsdag dreg dei til dømes til Faro i Portugal der dei skal spela for 60.000-70.000 deltakarar i eit motorsykelstemne. Der er dette miljøet dei har eit spesielt grep om og har sine største suksessar i.

- Kva med skjenkekontrollen?

- Den var til stades også denne gongen og fann ingenting å setja fingeren på.

Dette var også første gongen etter formannskapsvedtaket at Dønhaug var eitt skjenkeområde slik at gjestene kunne vandra fritt mellom låven og Dønhaugkjedlaren.

Dette er ein stor fordel både for dei og personalet.

Av Ola Matti Mathisen